



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 27.02.2018

Sak nr.: 17/9379-6
Internt I.nr. 10840/18

Sak: 3/18

Tittel: **Forvaltningsrevisjon innan reiseliv i Sogn og Fjordane fylkeskommune - Forslag til prosjektplan**

Behandling:

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan reiseliv frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 14.03.2018.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Sogn og Fjordane fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timer.
5. Det er ønskjeleg at Deloitte kjem med forslag til prioritering av forslag til tiltak som går fram av revisjonsrapporten.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 3. september 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Handsaming i møtet:

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan reiseliv og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Endringsframlegg:

Det kom ikkje fram forslag til endringar i prosjektplanen. Det betyr at siste del av punkt 1 og heile punkt 2 går ut. Punkt 3 – 6 vert endra til 2 – 5.

Avrøyting:

Med desse endringane vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan reiseliv frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Sogn og Fjordane fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timer.
4. Det er ønskjeleg at Deloitte kjem med forslag til prioritering av forslag til tiltak som går fram av revisjonsrapporten.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 3. september 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

